

## **REFERAT FRÅ FAU-MØTE BARNETRINNET SAND SKULE TYSDAG 29. NOVEMBER 2016**

**Desse møtte:** Anders Tysseland, Laila Vikse, Tor Bjarne Smedsrød, Øyvind Berge, Torborg Fossan Steine, Camilla Vest, Konrad Jårvik, Norunn Nerheim, Morten Aarhus , Alf Rune Håranes, Siri Helstrup , Linda Dahle, Svein Carlos Gjil og Geir Wigestrønd.

**Desse møtte ikkje:** Marianne Myklebust, Odd Arne Strand, Kathrine Husebø

### **Sak 1: Luseaksjonen.**

Svein Carlos samkøyrrer felles luseaksjon med barnehagane på Sand. Han tek det også opp på rektormøte for å oppfordre dei andre skulane/barnehagane i kommunen til å ha luseaksjon samstundes. Aksjonen vert sett i verk i januar ein gong, etter avtale med dei andre skulane/barnehagane. Svein Carlos vil sjå til at det vert sendt ut luseinformasjon på morsmålet til framandspråklege elevar. Torborg tek kontakt med Suldalsposten for å informere om aksjonen så snart ein veit kva tidspunkt det blir, og ho gir også beskjed til apoteket om tidspunkt for aksjonen, slik at dei har nok lusemiddel på lager.

### **Sak 2: Skyss for elevane frå Berge/Falkhaug**

Elevar opp t.o.m 4 klasse som bur på Falkhaug/Berge får skuleskyss ut dette skuleåret. Ventar på endeleg svar frå fylkesmannen for evt vidare tilbod. FAU avventar inntil endeleg vedtak er fatta.

### **Sak 3: Trafikksituasjonen ved skulen og på skulevegen.**

Morten har telt bilar som avtalt på førre møte. Vel 60 bilar køyrde til og frå skulen (Eidssjøvegen) i tida rundt skulestart ein alminneleg kvardag. Morten viste fleire artiklar om ulykker i gangfelt - som på same måte som vegvesenet uttrykker at gangfelt i mange tilfeller gjev falsk tryggleik for fotgengrarar. FAU ønskjer ein lokal variant av beintøftprogrammet for å minske trafikken og for å fremme fysisk aktivitet blant elevane. Svein Carlos vil ta opp dette på plangruppemøte på skulen den 8 desember. Andre tiltak som vart drøfta for å betre trafikktryggleiken, var t.d fartsdumpar eller innsnevringar. Skulen har bedt politiet vera synlege og entreprenørane på Suldal bad skal varsle dei dagane det er venta meir trafikk enn vanleg. FAU ønskjer først og fremst på å satse på haldningsskapande arbeid, med trafikkopplæringsdagar t.d med NAF eller politi.

### **Sak 4: Stolane til ungane.**

Miljøretta helsevern har vurdert bl.a stolane på skulen. Rapporten frå miljøretta helsevern forventes ferdig og offentleg i januar. Svein Carlos rådar FAU å avvente denne rapporten før ein går vidare med denne saka.

### **Sak 5: Skulefrukt**

Skulen har gitt klarsignal. Gir info om ordninga frå "skulefrukt.no" på vekeplanane til elevane. For å starte opp ordninga med "skolefrukt.no" krevst at minst 10 elevar takkar ja til ordninga.

### **Sak 6: Val av foreldrerepresentantar og lærarar som kan reservera seg.**

Svein Carlos tek opp denne saka med rektorar frå alle skular, barnehagar og oppvekstsenter i kommunen for felles retningslinjer.

### **Sak 7 : SFO**

Nils Eirik Eide vart invitert til dette møtet med tanke på denne saka, men kunne dverre ikkje komma. Foreldre som har born på SFO opplever det vanskeleg å skulle planlegge feriar så langt fram i tid som SFO krev. Skjemaet som vert nytta til utrekning av betalingssatsar er komplisert og lite brukarvenleg. SFO held stengt heile juli månad. FAU ønskjer at SFO held ope også i juli. Dersom ikkje det kan la seg gjera, ønskjer FAU at SFO stenger 4 heile veker i staden for 1-31 juli som kan starte og slutte midt i vekene og gjere det komplisert ift ferieavvikling for mange . Svein Carlos meiner det er ingenting i vegen for å endre til fire heile veker i staden for heile juli månad. Dersom SFO også i framtida held stengt i juli, diskuterte FAU muligheten for å starte ein "aktivitetsskule" i privat regi. Geir Wigestrød sjekker kva behov det er for open SFO i juli blant ungane som skal begynna på skulen.

Svein Carlos sa at SFO søknadane vil foregå digitalt i framtida, og at ein jobbar for eit nytt interkommunalt system. FAU venter til SFO vedtekten kjem før ein går vidare med saka.

FAU ønskjer felles planleggingsdagar for barnehagane og skulane.

### **Sak 8: Nettverksbygging i barnehagen v/Geir Wigestrød**

Geir presenterte saka som foreldrerepresentant i barnehagane på Sand. (jmf brevet som vart sendt til FAU i forkant av møtet) Mange born og unge lever i "utanforsk". Dette startar ofte tidleg, allereie i barnehagealder. Geir lufta tanken om å endra organisering i barnehagane, med å ha ein småbarnsavdeling i den eine barnehagen og ein avdeling for dei største barna i den andre. Mange moment vart diskutert, for og mot ei slik ny organisering. Oppsummert er FAU positiv til å leggja til rette for at borna i dei to barnehagane på Sand skal ha meir tid ilag, men ønskjer i første omgang ikkje å gå for ei deling etter alder i dei to barnehagane. Kan ein auke til to dagar saman på tvers kvar veke etter februar? Utnytte ressursar som t.d bussane som er tomme etter å ha levert skuleborna på skulen, for å leggje til rette for meir tid ilag i staden for å bruke mykje tid på å gå fram og tilbake mellom barnehagane.

### **Sak 9: Vaksentettleiken på skulen.**

Linda minner om kravet til politiattest til alle som arbeider på skulen, også dei som er i arbeidspraksis og andre. Skulen har fått signal om reduksjon i stillingar, FAU ønskjer å behalde dei stillingane skulen har idag. Dersom ikkje dette kan la seg gjere, bør skulen sette fokus på strukturendringar.

### **Ymse.**

6. klasse er arrangør av julefesten dette året. Det vert sal av pølser i brød i staden for graut på festen. Ein vil forsøke å utarbeide ein mal for denne festen, og skrive eit referat i etterkant for å gjere det lettare for dei som skal arrangere festen neste år.

Neste møte: 24.01 - 17 klokka 19.00.

Referent: Torborg Fossan Steine.